



Samarbeidsavtale mellom kommunane - FACT - team

Lindås, Meland, Radøy, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Gulen og Modalen om etablering og drift av prosjekt FACT-team frå 01.01.2019 i deltakarkommunane.

Innleiing:

Etablering og drift av FACT-team er eit samarbeidsprosjekt med kommunane i Nordhordland, Gulen og Helse Bergen - Bjørgvin DPS.

Samarbeidsavtalen regulerer ansvar og fordeling av kostnader av samarbeidet mellom deltakarkommunane.

Ansvar:

Lindås kommune ivaretek rolla som ansvarleg kommune fram til Alver tek over frå 01.01.2020.

Økonomi:

Totalt budsjett for 2019: kr 5.600.000.

Skal finansierast etter følgjande fordeling:

- Statleg tilskot: kr 1.950.000,
- Helse Bergen - Bjørgvin DPS: kr 1.850.000
- Eigenfinansiering deltakarkommunane kr 1.850.000.

Deltakarkommunane sin kostnad vert fordelt slik pr år:

1/3 fast sum

2/3 fordelt ut frå folketal pr. 01.01.

Lindås kommune sender krav ved forfall 1.juli og avrekning ved årets slutt.

Avtaleperiode:

Avtalen gjeld i perioden 2018 – 2021 eller så lenge prosjektet får statleg tilskot til FACT-teamet.

Vedlegg:

Oversikt økonomisk fordeling mellom deltakarkommunane etter folketal pr 01.01.2018

Lindås kommune,

Radøy,

Kommunalsjef helse- og omsorg





LINDÅS KOMMUNE

Oversikt økonomisk fordeling mellom deltakarkommunane etter folketal pr 01.01.2018

Kommune	1/3 fast sum	2/3 folketal pr 01.01.2018	Totalt pr kommune
Austrheim	76042	95310,74	171352,74
Fedje	76042	19399,24	95441,24
Gulen	76042	78357,06	154399,06
Lindås	76042	519879,75	595921,75
Masfjorden	76042	56512,26	132554,26
Meland	76042	265078,85	341120,85
Modalen	76042	12657,42	88699,42
Radøy	76042	169470,68	245512,68
Samla	608336	1216666,00	1825002,00

